



TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO
NORDAHL BRUNNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 1

2016

ÅRGANG 31

Karl Seglem: *TINDR* urframføring
på Riksscenen fredag 12. februar!



FOTO: Oddin Alneshi ©



Årsmøte i Laget
17. februar

SOGN OG FJORDANELAGET

Godt nytt lagsår!

Lagsarbeidet er i godt gjenge

Og med nye moglegheiter – for deg også – til å delta på laget og ringen sine mange og ulike aktivitetar og kulturelle tiltak.

Det første no er årsmøtet i laget, **onsdag 17. februar kl. 19.00**, og vi oppmodar: kom på møtet, du også! Og ver med og diskuter lagsaktiviteten, hyttene og nye tiltak, så vi får ein livleg og god diskusjon. Kaffi og noko å bita i vert det òg.

Nemnast må eit kulturell storhende som laget alt har hatt, i det nye året: *Draumkvedet på sognamål*, framført av *Tøge Talle* og *Ole Henrik Moe*.

Alv Reidar Dale, laget sin eigen medspelar i det meste, er den som har omsett og dels laga ei frisk gjendikting til sognamål av *Draumkvedet*. Eit lydhøyrte publikum fekk ei flott, nærmast magisk oppleving av det sjeldne slaget.

Merk deg **fredag 12. februar**, *Karl Seglem frå Årdal*, som heldt konsert på klubbefesten 2014 til stor fagnad, har konsert på Riksscenen kl. 21.00, med framføring av nytt stor bestillingsverk! Sjå nærmare omtale på side 4.

Sogn og Fjordaneringen har alt hatt sitt årsmøte, og leikøvingane er i gang kvar tysdag i Halli. **13. februar** held dei ope kurs i Vestlandspringar. Her kan alle delta, men meld deg på føreåt!

I 2016 markerer laget siste jubelanten i 100-årsrekkja – ja, sjølv sagt – det er Sunnfjordlaget. Følg med, meir kjem etter kvart! Velkomne på laget og ringen sine tilskipingar!

Anny Sollid
Lagsleiar

Påminning om årsmøtet 2016

Årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget vert **onsdag 17. februar kl. 19.00** i Nordahl Bruns gate 22. Faste saker til handsaming er årsmelding og rekneskap for 2015, medlemspengar for 2017, å vedta planar og budsjett for 2016, val av tillitsfolk i laget og utsendingar til årsmøte i BLS og Det Norske Teatret.

Innkalling med sakspapir vert sendt med denne sendinga.

Styret i Sogn og Fjordanelaget i Oslo

Anny Sollid, leiar

– og hugs medlemspengar 2016

Vi sender ut giroane for betaling av medlemskapen no og bed folk betale så snart som råd, **helst før 1. april**, slik at det ikkje vert gløymt. Summen er den same som i fjor – 400 kroner. Hugs å krysse av for kvittering når du nyttar nettbank, slik at du får eit medlemskort som gjev:

- rabatt på Det Norske Teatret (20%)
- Kaffistova (10%)
- Heimen Husflid (10%)
- Bondeheimen (10%)
- Hordaheimen (i Bergen, 10%)
- og på andre NU-eigde lagsbruk.

Du kjem dessutan billegare inn på lagstilskipingane våre, får låne lagshyttene våre rimelegare, og du får tilsendt lagsbladet vårt, Tre Fjodar, 6–7 gonger i året, dessutan 'Ungdom' frå NU.

Vi håpar du vil halde fram med å vere medlem i Sogn og Fjordanelaget i Oslo!

Karl Seglem: *TINDR* urframføring på Riksscenen fredag 12. februar!

Karl Seglem har samla eit knippe av landets beste musikarar og kjem til Riksscenen med eit heilt nytt verk, *TINDR* (slak flukt, bratt moro). Med seg har han m.a. *Håkon Høgemo* og *Sigrid Moldestad*. Få me doke denne konserten **fredag 12. febr. kl. 21.00!**



Konserten er også startskotet for ei helg vigd til "Klangen før fela" – eit konsept som fokuserer på musikk frå eldre folkemusikkinstrument/kveding.

Karl Seglem skriv sjølv m.a. dette om verket:

Eg har fått skapa vidare i det eigenarta og unike landskapet musikken min opererer i, med besetningen som gjorde tingingsverket "Som spor" til Vossa Jazz 2012. ... naturen er ei hovudinspirasjonskjelde for meg, og eg har eit mål å høyrleggjera det også i denne konserten, som eg ser på som ei vidareutvikling av "Som spor". ... i det same musikaliske landskapet, ... ei visuell og poetisk reise. Kanskje flettar eg inn nokre tradisjonelle slåttar og let hardingfeleane få litt større plass? Eg skal også bruka eigen poesi frå dikt-bøkene mine – og nytt, både i form av opplesing og ved å projisera bilde-ord i konserten.

Karl Seglem, tsax, bukkehorn, antilopehorn, stemme

Håkon Høgemo, hardingfele, Sigrid Moldestad, hardingfele, fele, stemme

Andreas Ulvo, tangentar, Lars Jakob Rudjord, tangentar, Sigurd Hole, el.bass / kontrabass,

Kåre Opheim, trommer, perkusjon

Asle Karstad, lyddesign, Anastasia Isachsen, videokunst, Anette C. Lind, lysdesign

Urframføringa av *TINDR* er støtta av Norsk Komponistfond og Fond for utøvande kunstnarar.

KURS I Vestlandsspringar



Tid: Laurdag 13. februar kl. 11.00 – 16.00
Stad: Halli, Nordahl Brunsgt. 22
Instruktører: Marit Haug Loen og Dagfinn Aa
Pris: Kr. 300 (inkl. enkel lunch)

Påmelding innan 5. februar til Marit Haug Loen,
på tlf. 924 32 442(m), 22 28 68 65(p) eller marit.loen@vikenfiber.no.

Sogn og Fjordaneringen
sognogfjordaneringen.no

TIL MINNE

Ho debuterte i Firda

12 år gammal fekk Anne Johanne Kvale ein blå femkronar hos redaktør Olai Nordeide for eit dikt ho skreiv i Firda. Dette inspirerte henne. Søndag den 6. desember 2015 døydde journalisten og forfattaren, 91 år gammal.

Anne Johanne Kvale skreiv mykje godt heile livet. Etter realskulen og eitt år som guvernante på Strilelandet, tok ho utfordringa frå Olai Nordeide på strak arm og arbeidde fem år som journalist og redaksjonssekretær i Firda. Då gjekk ferda til Oslo. Her utdanna ho seg til sosionom, samstundes som ho var landssekretær i Norges Bygdekvinnelag.

Jenta frå Indrebø i Angedalen likte å reise, særleg i Nord-Norge, og både i bygdekvinnelaget og seinare som landssekretær i Kristeleg Folkeparti Kvinner og informasjons- og sosialsekretær i Landsforeningen mot Kreft, hadde ho heile landet som arbeidsplass. Også i dei 20 åra ho var journalist i Kristeleg Folkeparti-organet «Folkets Framtid» var ho mykje på farten.

Attåt skivinga har Anne Johanne Kvale fylt mange roller i lags- og samfunnsliv. Då ho skulle velje veg i politikken, var Kristeleg Folkeparti eit naturleg og rett alternativ for henne. Ho vart bystyremedlem i Albert Nordengen si ordførartid og gjorde nytte for seg i helse- og sjukehusutvalet. I 20 år sat ho i tilsynsrådet for Ullersmo Landsfengsel, oppnemnd av departementet, og ho var styremedlem i Kriminalomsorg i Frihet. Ho var også med i styret for Oslo Vernelag og sat i fleire offentlege utval, mellom dei Statens fagråd for sykepleierutdanning. Ho la ned ein betydeleg innsats for fråhaldssaka gjennom Det Hvite Bånd, der ho var

nestleiar og seinare æresmedlem. Ho var også styremedlem i Avholdsfolkets landsnemnd.

Kristentraua var viktig for Anne Johanne, og ho målbar uredd meiningane sine. Ho var kvinnesakskvinne, om enn ikkje med dei standpunkt vi først tenkjer på innan den rørsle. Ho hadde ei av landets største private samlingar av kvinnesakslitteratur og vart ein pionér på fleire felt. Mellom anna var ho første kvinnelege formannen i Sunnfjordlaget i Oslo, første kvinnelege talar på Movikstemnet, og første kvinne i representantskapen i Den norske Creditbank. Ho har hatt ei rekke verv i Norske Kvinners Nasjonalråd og var æresmedlem der. Æresmedlem var ho også i Kristeleg Folkepartis Kvinner og hadde livsvarig medlemskap i det internasjonale Hvite Bånd. Ho engasjerte seg også i Kvinners Frivillige Beredskap.



SKRIVAREN: Som journalist og organisasjonsmenneske har Anne Johanne Kvale vore skrivar i yrke og fritid. For sin lange og samfunnsnyttige innsats vart ho tildelt kongens fortjenstmedalje i sølv i 2009. Foto: A.L. Ness.

Lista over alt ho var med på er det beste prov på stor arbeidskapasitet og at ho var ei klok kvinne med stor tiltru. Men kor travelt det enn var; når det leid til sommar og ferietid, måtte ho heim til Indrebø. Både til heimen der, og for å treffe kjenningar elles i Sunnfjord. Det var med Anne Johanne som Ivar Aasen i Gamle grendi: «Heime var eg so vida kjend og slapp inn kvar eg vilde». Hennar godhug for heimegrenda og sambygdingane kom også til uttrykk gjennom mange minneord i Firda.

Anne Johanne Kvale ivra for lokalhistorie, og ho leverte mange bidrag både til Jul i Sunnfjord og sogeheftet for Førde. Ho las mykje og skreiv ei rekke bokmeldingar, også etter at ho vart pensjonist. Attåt å skrive i og redigere fleire medlemsblad og julehefte, skreiv Anne Johanne historia om KrFs kvinner, i to band. Den store boksamlinga på kring seks tusen bøker delte ho mellom fleire i heimbygda. Også det eit uttrykk for takkemd til Førde og miljøet der ho både voks opp og no avslutta livsdagen.

Då ho kom heim att frå Oslo, hadde ho husvære i Elstervegen, men fekk siste tida på Helsetunet, der ho likte seg og let vel over godt stell og samvær med andre.

Atle Lyngstad Ness

Vi takkar forfattaren for at vi fekk høve til å trykkje dette minneordet i lagsavisa.

Redaksjonen

Vi gratulerer !

Olav Kvam fyller 85 år den 15. februar.

Redaksjonen



Her er jubilenten (atterst i raud vest) i sitt rette element, saman med dansevenner den 17. mai 2012 i Bærum.

Foto: Tone Eid

FOLKEDANSKVELDAR – 1. HALVÅR 2016

Minikurs frå kl. 18.00 i Halli og dans i Storsalen kl. 19.30-22.45.
Nordahl Bruns gate 22.

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
Januar '16		
10.	Hordaringen / Fanteladdene	Rørospols
17.	Valdreslaget / Dølalæte	Valdrespringar
24.	Numedalslaget / Rasmus Kjørstad m/venner	Hallingspringar
31.	SF-ringen / Bærum spelemannslag	Pol Skor
Februar '16		
07.	Symra / Eiker Spelemannslag	Stildans
14.	Folkedansnemnda / Brødr. Kjørstad	Springleik frå Heidal
28.	Hordaringen / De Frilynde	Springar
Mars '16		
06.	Hallinglaget / Enebakk Spelemannslag	Nordlandspols
13.	SF-ringen / Steinsgårdkroken	Pol Skor
April '16		
03.	Symra / Farande Fant	Stildans
10.	BUL / Brødr. Kjørstad	Finnskogspols
17.	Ikkje avklart / Østerdølene	Ikkje avklart
24.	SF-ringen / Tonje og Stein Magne	Pol Skor
Mai '16		
01.	Hordaringen / Elise T m/venner	Finnskog
08.	Utgår!	Utgår!
17.	Folkedansnemnda / De Frilynde	
22.	Symra / Dølalæte	Springar
29.	Ikkje avklart/Sofienberg Spelemannslag	Ikkje avklart

Kr. 120 for minikurs og dans. Billett ved inngangen. Du kan betale med kort.

http://bls.no/sondagsdans_vaar_2016/

Alle er velkommen med og utan følgje.

PROGRAM FOR VINTEREN OG VÅREN 2016

Tilskippingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar. Sjå

<http://www.sognogfjordanelaget.no/>

<http://sognogfjordaneringen.no>

<http://sognogfjordaneringen.no/461-2/>

Laget sin konto er **0531 27 71723**

Opplysingar om folkedanstilskippingar finn ein på <http://folkedans.com/> og <http://www.bls.no/index.php?pubid=kalender&>

Kvar tysdag Kl. 19–21.45 Folkedansøving i Halli. Første gong 5/1.

Tysdag 19/1 Årsmøte i Sogn og Fjordaneringen

Torsdag 21/1 Draumkvedet på sognamål. Tøge Talle og Ole Henrik Moe.

Laurdag 13/2 Kurs i vestlandsspringar. Ringen.

Onsdag 17/2 Årsmøte i Sogn og Fjordanelaget kl. 19.00

Torsdagar Raspeball/-kake/klubb på Kaffistova i Rosenkrantz gate 8. Då er det ofte einkvan frå laget der. Med medlemskort i Sogn og Fjordanelaget får du rabatt.

Lagsavisa Tre Fjorðar - fristar mm.

Frist for innsending av stoff til neste avis er **1/3**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Vi er takksame for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt til agnar.kvellestad.krøllalfa.nmbu.no. Alternativt til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Bilete er velkomne; helst digitale (som jpg, helst ikkje pdf), men vi tek også imot papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvellestad, Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal. (tlf.nr. på baksida).

A

STYRET

Leiar: Anny Sollid 22 61 38 88(p)
anny.sollid.krøllafa.online.no

Kasserar: Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63
hilmar.krøllalfa.getmail.no

PRESSE & PR

Leiar: Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
agnar.kvellestad.krøllalfa.nmbu.no

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)
agnar.hegrenes.krøllalfa.nilf.no

Kontakt Sunnfjordhytta: 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)
Andor Gjelsvik
andorgj.krøllalfa.frisurf.no

Kontakt Nordfjordhytta: 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)
Dagfinn Aa
daa.krøllalfa.ssb.no

SOGN OG FJORDANDERINGEN

Leiar: Valbjørg Grønvik 48 18 28 98
valbjorg.gronvik.krøllalfa.gmail.no

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo
